



Denne unike plakaten har vore gøymd på Sanden

8. mai 1945 vart Noreg atter fritt. På ein dag som den imorgon er dette ein av dagane vi minnst framfor

andre og Eldbjørg Sivertsvoll som bur på Tynset har ein særleg grunn til det. Ho har på garden sin på Sanden funne eit unikt minne om dagen - ein plakate som kunngjer fridomsfesten i Uskedalen og som truleg er laga av Tor Myklebust. Plakaten er fargerik og har flagget og Nåsø som sentrale element. Den har i alle år sidan 1945 lege som einrull godt gøymt i eit skåp på Sanden. Den fortel om ei improvisert, men imponerende feiring . Det kom mange hit også frå andre bygder denne spesielle dagen..



Bjørgulv Eik og Eldbjørg Sivertsvoll lovar å ta godt vare på det unike minnet

Då klokka var 15 7.mai 1945 fekk folk veta at krigen var over og det lokale ungdomslaget nølte ikkje med å planleggja feiring. Plakaten fortel kva som gjekk føre seg. I eit vindauga på Helgheim vart det monterert ein radio og via den fekk folket klokka 15 høyra Winston Churchills proklamasjon og tala til kronprins Olav .

Forfattern Herbrand Lavik, som budde på Skorpo i krigstida, omsette statsministeren si tale. Med musikklaget i spissen gjekk det folketog til Kjærland og attende og klokka 17 var det gudsteneste i kyrkja ved prost Knut Sellevold. Neste post på programmet var folkefest utanfor Helgheim med fleire talarar.

For fedrelandet tala formannen i Hordaland ungdomslag Amund Reigstad, som hadde gjort teneste i Milorg. Lars B. Haugland tala for Kongen, Abel Eik for dei falne, Amund T. Myklebust for sjøfolka og Johan Omvik for borna. Lavik las også eigne dikt. Musikklaget spela og skuleborna frå Hauglandkrinsen song.

Det vart ein stor folkefest som ikkje minst Bjørgulv Eik hugsar godt sjølv om han berre var 12 år gamal.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Uskedalingane høyrer Churchill i radio gjennom vindauga 8. mai 1945